


# MINIKRAFTVERK – KOMMUNENS ROLLE



Mikrokraftverk: under 100 kW

Minikraftverk: 100 kW – 1000 kW

Småkraftverk: fra 1000 kW – 5000 kW

- **Lover og forskriftar som gjeld for inngrep i og ved vassdrag:**
  - Vannressurslova
  - Vassdragsreguleringslova
  - Plan- og bygningslova
  - Lakse- og innlandsfiskelova
  - Forureiningslova
  - Jordlova
  - Kulturminnelova
  - Konsesjonslova

Kommunen står for plan- og bygningslova, jordlova og konsesjonslova i høve til småkraftverksakar.

## **Fallrettar:**

Gardsbruk/landbrukseigedommar med fallrettar kan velge å leige ut fallretten til kraftverket. Slike leigeavtalar bør vera knytt til kvart einaste bruk som er med, i samsvar med andelsfordeling. Leigekontraktane er ofte på ein 40 års periode. Muligens burde maksimaltid på utleige av fallrettar vera på 30 år. Alternativet til dette ville vore for kraftverket å kjøpa fallrettane. Problemet då er at fallrettane delast i frå bruka og såleis mistar bruka dei rettane for alltid. Då småkraftverk høyrar til under ikkje-stadbunden næring, vil det difor vera mogleg for eksterne aktørar å kjøpe opp og driva kraftverk på gardsbruken. Målet med lokale småkraftverk er å styrke næringsgrunnlaget på garden og såleis ønskjer ein ikkje at rettane vert sold ut. I størst mogleg grad bør slike rettar og ressursar høyre til gardsbruken.

Alle grunneigere må skrive under på avtale om utleige av fallrettane til kraftverket.

## Kva det må søkjast om:

- Dispensasjon i frå LNF til punktfeste for kraftstasjon, om dette er aktuelt. Alle dispensasjonssøknadar frå LNF i samband med kraftverkssakar skal på høyring til fylkesmannen.
  - Byggeløyve: Der det ikkje er aktuelt med punktfeste, må det søkjast om dispensasjon i frå LNF til bygginga av kraftverket. Desse søknadane skal også på høyring til fylkesmannen. Byggeløyve og dispensasjonen til dette gis av byggesakshandsamar i kommunen.
- Løyve etter jordlova §12 i høve til langsiktig utleige av fallrettar (over 10 år). Det må også gis løyve etter jordlova til utleige av grunn til kraftverk, der det ikkje er aktuelt med festepunkt. Kvar grunneigar som skal leige ut fallretten i langsiktige leigeavtalar (over 10 år), må søkje om løyve til dette etter jordlova.
- Konsesjon på langsiktig leigeavtale i høve til konsesjonslova § 3. Dette er det kraftselskapet/kraftverket som må søke om. Før eit selskap kan søkje om konsesjon, må det vera gitt løyve etter jordlova til å leige ut fallrettane. Der det er aktuelt kan løyve etter jordlova og konsesjonssøknaden handsamast i samme sak.
- Eventuelle frådelingar/opprettingar av festepunkt, løyve etter jordlova og konsesjonssøknadar handsamast av jordbruksrådgjevar i kommunen.
- Byggeløyve gis av byggesakshandsamar i kommunen.



Hylen gard i Hylsfjorden

